

Nærings- og Fiskeridepartementet
Postboks 8118 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@fkf.dep.no

Bergen den 10.09.2014

Dykkar referanse: 14/5969-2

STRUKTUR ERSTATTAR ARBEIDSPASSAR MED GJELD

HØRINGSSVAR – OM AUKING AV STRUKTURKVOTETAKET FOR TORSKETRÅL OG RINGNOT

Vårt klare råd er at det ikkje tener næringa å endra på gjeldande regelverk, for ringnot, på noverande tidspunkt. Dette fordi endringa vil råka lønsame arbeidsplassar og lokalsamfunn.

Konklusjon:

- Auka strukturtak vil kunne føra til tap av ca. 30 farty, og minst 400 arbeidsplassar på sjøen. I tillegg kjem tap av mange arbeidsplassar, kompetanse og redusert innovasjon i tilknytte næringar langs kysten.
- Økonomien i ringnot er svært god, og talar ikkje for auking av strukturtaket, jf. høyringsbrevet s. 2 siste avsnitt. Forslaget vil føra til auka gjeldsgrad, og at eigenkapital forsvinn frå næringa. Strukturfokus gjev mindre fokus på alternative måta å auka lønnsmda.
- Meir enn 2/3 av ringnotbåtane er ikkje fullstrukturerte. Stabilitet i næringa er naudsynt. Struktur bør difor ikkje vurderast før 85 % av flåten er fullstrukturert.
- Strukturering er irreversibelt, og forslaget er i strid med havressurslova § 1.
- I innleiinga til høyringsbrev skriv NFD at forslaget kjem frå Fiskebåt sitt årsmøtet. Forslaget synest såleis å vera skreddarsydd for å auke fortienesta til den fullstrukturerte delen av ringnotflåten.
- Rekrutteringa til fiskaryrket vil bli svekka ytterlegare, og på lang sikt true Noreg sin ambisjon om å vera «*verdas beste sjømatnasjon*.»
- Det er eit paradoks at Staten vil strukturera bort hundrevis av usubsidierte arbeidsplassar, på havet, samstundes som Staten subsidierar tusenvis av andre arbeidsplassar via nettolønsordninga.
- Fartya vil bli meir avhengige av å fiska meir på kvar tur. Når turane varar lengre vil kvaliteten på fangstane gå ned. Marginale fiskerier vil òg bli ulønsame.

Vurdering:

Hovudargumentet for innføring av einings- og strukturvoteordningane har vore å sikra økonomien til næringane. Når økonomien er god er det ikkje grunn til å heva strukturkvotetaket.

I følge Nærings- og Fiskeridepartementet sitt høringsbrev s. 2 var «*Den gjennomsnittlege driftsmarginen for havfiskeflåten var i 2012 på 16,8 prosent...I 2012 var den gjennomsnittlege driftsmarginen til ringnotflåten på 24,3 prosent. Driftsmarginen til torsketrål har i enda større grad variert, og er noko lågare enn snittet, og særleg lågare enn for ringnot. I 2012 var driftsmarginen til torsketrålarane i gjennomsnitt 11,7 prosent.*» (Vår understreking.) Dette viser at økonomiske omsyn ikkje tilseier at auking av strukturkvotetaket er naudsynt.

Det har ikkje vore konkursar i ringnot dei siste par tiåra. Det syner at økonomien i næringa er særst god, og at det ikkje er naudsynt å heva strukturtaket.

Dei siste åra har det blitt kontrahert og bygd mange nye ringnotfarty. Dette syner òg at det er god økonomi i næringa, og at det ikkje er naudsynt å auka strukturkvotetaket.

På side 6, fyrste avsnitt (pkt. 4.2), i høringsbrevet, skriv departementet at «*Av dei 79 fartya med ringnotkonsesjon er berre 26 "fullstrukturerte" med 650 basistonn.*» Det syner at det er rom for ytterlegare strukturering innanfor dagens regelverk. Det er såleis ikkje naudsynt å heva strukturtaket ytterlegare.

Vidare skriv departementet «*Men som figuren viser er det fleire som er nær ved å vere fullstrukturerte. Det kan sjå ut til at strukturpotensialet innanfor dagens rammer i relativt stor grad er teke ut.*» Dette er ikkje korrekt. I følge same figur er det berre 8 – åtte – ringnotfarty som har mellom 550 og 650 basistonn. Det store fleirtalet av fartya har mindre enn 550 basistonn, og gjennomsnittleg basiskvote er 530 tonn. Departementet sine tal syner såleis at auka strukturtak ikkje er naudsynt, og at det er rom for ytterlegare strukturering innanfor dagens regelverk. Forslaget er tilpassa ei lita gruppa i det aller øvste kvotesjiktet, og er såleis tilpassa dei største reiarlaga sitt ynskje om å bli enda større.

Ringnotgruppa er, utan tvil, den fartygruppa som har best lønsemd i norsk fiskeri. Pelagisk Forening finn det difor underleg at fartygruppa som har størst lønsemd skal gjennom ein ikkje naudsynt strukturering. Derimot har kystgruppa lågare lønsemd, og dersom det skal strukturast er det naturleg å gjera det i fartygrupper med lågare lønsemd enn ringnot.

For at strukturering skal kunne skje må somme selja seg ut av næringa. Det vil føra til kapitalflukt, frå næringa, og stor gjeld for reiarlaga som strukturerar. Auka gjeldsgrad vil gjera reiarlaga meir sårbare, og på sikt føra til at flåten ikkje er eigd av fiskarar.

Dei seinare åra har kvoteprisane vore så høge at det knapt svarar seg å kjøpa kvotar. Det er hovudårsaka til at det har vore lite strukturering dei siste åra, sjølv om det store fleirtalet

ikkje har nådd strukturtaket. Heving av strukturkvotetaket vil ikkje føra til lågare kvoteprisar. Dei som vil nytta seg av forslaget, dersom det blir vedteke, er såleis fleirbåtsreiarlag, som ikkje vil måtte kjøpa kvotar. Fleirbåtsreiarlaga vil derimot kunne overføre større kvotar til eit eller to farty, og kondemnera eit farty.

For kvart farty som forsvinn som følge av struktur blir det tap av arbeidsplassar, både på sjø og land. Det er utvilsamt at strukturering i fiskeflåten har, og har hatt, stor negativ verknad for sysselsetjinga i leverandørindustrien og verkstadnæringa.

Forslaget er òg i strid med havressurslova § 1 «*Formålet med lova er å...medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna.*»

Samling av rettar på få farty, slik som Fiskebåt og departementet foreslår, vil føra til ei utarming av fiskerimiljøet, lågare kompetanse og dårlegare innovasjon. Dette vil gjera det vanskeleg å nå målet om å vera «*verdas beste sjømatnasjon.*»

Strukturering krev stor kapital, for dei som ynskjer å kjøpa kvotar. Kapitalbehovet vil gjera det særst vanskeleg/umogeleg for aktive fiskarar å koma inn på eigarsida i næringa. Dette fordi kapitalbehovet blir så stort.

Av same årsak vil generasjonsskifter bli særst vanskeleg, og om nokre år vil truleg fiskerirettane vera på enda færre hender.

Pelagisk Forening vil òg peika på at foreininga generelt er skeptisk til at farty og arbeidsplassar forsvinn ved at fiskerilisensar blir sått saman. Pelagisk Forening meiner det er viktig å vera klar over kva som er konsekvensane av for konsentrert struktur for fiskeri- og distriktsnøreg. Verknadane vil vera ekstra negative for havfiskeflåten i Nord-Noreg.

Struktur er irreversibelt. Endringar i strukturregelverket set rammene for næring i lang tid framover. Det er såleis viktig at eventuell auke av strukturtaket er forankra i eit fleirtal i Stortinget. Det blir med dette kravd at prinsippa blir avklart i Stortinget før forskriftsendringa eventuelt blir gjennomført.

Som nemnt vil forslaget føra til at tap av minst 300 arbeidsplassar om bord i fiskefarty. Det er eit paradoks at staten ynskjer å avvikla fleire hundre usubsidierte arbeidsplassar på sjøen, samstundes som Staten subsidierer ca. 10 000 arbeidsplassar på andre farty, med nettolønsordninga. Nettolønsordninga for sjøfolk kostar staten ca. 1,6 milliardar kroner per år. Fiskefarty er ikkje omfatta av nettolønsordninga, og det er eit paradoks dersom staten fjernar fleire hundre arbeidsplassar når økonomien i næringa ikkje talar for å auka strukturtaket.


Regjeringa har tatt mål av seg å bli «*verdas beste sjømatnasjon.*» For at fangstane skal ha best mogeleg kvalitet bør fiskeriet skje skånsamt og på ein miljømessig god måte. Det tek lengre tid å fiska store fangstar. Dersom fartya er for store vil det ikkje vera lønsamt å bringa mindre fangstar til land, men det blir meir lønsamt å fiska større fangstar som i staden går til

mjøl og olja. Dette var tydelig under årets nordsjøsildefiske. Dette talar òg mot å auka strukturkvotetaket.

Til sist vil me nemna at Russland sin boikott av norsk sjømat har ført til ein ekstraordinær situasjon for fiskeri- og sjømatnæringa. Det er såleis ikkje rette tida for å handsama den mest kontroversielle saka i norsk fiskeripolitikk. I ein slik ekstraordinær situasjon bør heile fiskeribransjen bør stå saman, og forslaget bør leggest bort.

Avslutning:

Pelagisk Forening ser ikkje at det er grunnlag for å auka strukturkvotetaket og er difor sterkt imot forslaget. Me ber difor om at forslaget ikkje blir vedteke.



Torstein Solem
Daglig leder

Med vennleg helsing
Pelagisk Forening



Ask Økland
Advokat